

Fiskereglar for Finndalen statsallmenning

Finndalen fjellstyre har fastsett følgjande fiskereglar for fiske i Finndalen statsallmenning sine vatn og elvar:

1. Alt fiske er forbode i tida frå og med 20. september til og med 31. oktober, med unntak av Honnsjoen, der fisket er lovleg heile året.

I elv og bekk er fiske frå båt og alt anna enn stongfiske forbode. Hov kan brukast som hjelperekkap. Isfiske kan skje på alle vatn.

2. Fiskekort må løysast før fiske tek til. Dei under 16 år treng ikkje løyse fiskekort for fiske med stong. Ved fiske frå båt, kan fiskaren, dvs. den som handterer reiskapen ha med seg ein hjelpar til å ro eller styre båten utan at denne treng å løyse kort.

3. Dei som er fast busette i Norge og utlendingar (som er busette i Norge), har høve til å fiske med stong. På Honnsjoen har desse likevel høve til å fiske med oter og garn (botngarn) mot løysing av korttypen stong-/ oter-/ garnfiske. Utlendingar (som ikkje bur i Norge) har høve til å fiske med ei stong. Dette omfattar også isfiske.

Innanbygdsbuande har høve til å fiske med stong, oter, reiv og garn (botngarn).

4. Garnfiske er lovleg berre i desse vatna som er nemnde nedanfor med tal på garn som kan nyttast pr. fiskar, og minste lovlege maskevidde:

Vatn	Tal på garn pr. fiskar	Fisketid	Minste lovlege maskevidde
Honnsjoen	Fritt	Heile året	Sjå nedanfor
Stor -Lusa	3 stk. + 2 stk.	31.7. kl. 16.00 – 19.9	35 mm + 2 stk 24 mm el. mindre
Fjellåkkertjønn	5 stk.	31.7. kl. 16.00 – 19.9	35 mm
Vesl- Lusa	3 stk.	31.7. kl. 16.00 – 19.9	35 mm
Råkåvatnet	7 stk.	31.7. kl. 16.00 – 19.9	39 mm
Leirungsvatnet	13 stk.	Som for Skjåk almenning	39 mm

På Honnsjoen er det fri maskevidde, men for kvart 5. garn må det nyttast eitt garn på 24 mm eller mindre (1 garn på 24 mm eller mindre ved bruk av 1-5 garn, 2 garn på 24 mm eller mindre ved bruk av 6-10 garn osv).

På Leirungsvatnet gjeld dette kortet på den delen av vatnet som ligg i Finndalen statsallmenning.

Kwart garn kan ha ei lengde på inntil 25 meter.

5. Reivfiske (line) er lovleg berre i dei vatna der det er lov med garnfiske og i same tida som for garnfiske.

Det er forbode å setja fastståande reiskap (reiv medrekna) nærmare inn- eller utløpsos enn 50 meter. Gjeld ikkje for Honnsjoen.

Det er forbode å ha fatstående reiskap ståande i vatnet mellom kl. 10.00 og kl. 16.00. Garn og reiv (line) skal under bruk vera merka med synleg, flytande merke med namnet til eigaren.

6. Brot på desse reglane er straffbart.